



Harald Sætre var godt fornøgd med salet

Harald Sætre er godt nøgd med salet av boka si i Uskedalen i dag.**Alle bøker han hadde med seg vart selde.**

Nokre tidlegare tilsette i HSD frå Uskedalen møtte fram og det kom fram mange gode minne frå tida dei var på desse båtane.

Særleg merka vi Johannes Sunde, 92 år med 20 års fartstid i selskapet.

Etter mange år i råstoffarten for Bergen preservering byrja Johannes Sunde i HSD. Fyrste båten var MS Eidfjord. Seinare vart det ferjer og ikkje minst MS Halsnøy i Kvinnheradruta.

Han var ei tid på 1960-talet på MS Stord som reservebåt i Oddaruta.

Ein annan frå Uskedalen på MS Stord var Arne Terje Haugland. Det var i 1960 og då gjekk Stord i Ulvik si rute på Stavanger.

Haugland var innom fleire av HSD sine båtar,- ikkje minst MS Sunnhordland i snøggruta på Bergen.

Harald Sætre sette stor pris på det gode frammøte og den fine markeringa i heimbygda hans.

Det er det beste salet han har hatt til no i ei og same bygd.

Boka hans er trykt i eit 1. opplag på 2000. Boka sel godt og det er alt snakk om eit 2. opplag.

Veteranskipslaget Fjordabåten har også merka seg den store interessa det er for Stord 1 i Uskedalen, med eit høgt medlemstal.

Birger Myklebust har vore ein pådrivar i arbeidet med å verva medlemmer.

Av Kristian Olav Bringedal



Johannes Sunde og Arne Terje Haugland minnes begge fartstid i HSD.